

LANDBRUKSPLAN-TILTAKSDELEN FOR ASTRHEIM KOMMUNE.



Gnr. 128 Lervåg bnr. 9 og 2.

**ASTRHEIM KOMMUNE-
KOMMUNESTYRET 25.06.03**

INNHALDSLISTE

LANDBRUKSPLAN-TILTAKSDELEN	1
1.0 INNLEIING	3
2.0 PLANGRUNNLAG:	4
Nasjonale landbrukspolitiske mål.....	4
Regionale mål.....	4
Kommunale mål	4
Juridiske verkemidlar:.....	4
Økonomiske virkemidlar:.....	4
3.0 SITUASJONEN OG UTVIKLINGA INNAN LANDBRUKET I AUSTRHEIM.....	5
Jordbruket:	5
Skogbruket:.....	5
Utmarksnæring:	6
Tilleggsnæringer:	6
Spesielle tiltak i landbruket sitt kulturlandskap med freda og verneverdige bygningar:.....	6
4.0 HANDLINGSPROGRAM	7
Hovedmålsetting	7
Delmål.....	7
Areal.....	8
Jordvern.....	8
Utmark	8
Busetnad.....	9
Kompetanse.....	10
Næring.....	11
Næring.....	11
Nye landbruksbaserte næringar.....	11
Produsentmiljø.....	11
Strategi økonomiske virkemiddel landbruk/bygdeutvikling.....	12
Trivsel.....	13
5.0 ØKONOMI.....	14
6.0 GJENNOMFØRING	14
7.0 TILRÅDING	14
8.0 VEDLEGG:	15
STATISTIKK SOM VISER SITUASJONEN OG UTVIKLINGA INNANFOR LANDBRUKET I AUSTRHEIM.....	15

1.0 INNLEIING

Austrheim kommune er ein kommune på 55 km², av dette er 5 km² jordbruksareal i drift og 5 km² økonomisk drivverdig skog.

Kommunen har Strategisk næringsplan frå ?. Kommunestyret har gjort vedtak (22.08.00) om å utarbeida ein kommunedelplan og eit temakart for kulturminne som viser prioriterte og verdfulle kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.

I St.meld. nr. 19 "Landbruksmeldinga" vert kommunen tilrådd å utarbeide landbruksplan. Ny landbrukspolitikk medrekna endringar av lovverket gjev i større gard opning for stadtilpassa virkemiddelforvalting. Landbruksdepartementet har utarbeidd Veileder for landbruksplan.

Nytteverdi av landbruksplan:

Kommunen har ingen plikt til å utarbeida landbruksplan. Planen har ingen rettsleg verknad slik som ein kommuneplan eller ein reguleringsplan, og kan heller ikkje styra bruken av økonomiske virkemiddel over jordbruksavtalen.

Planen vil imidlertid vera til nytte som:

- Sektorinnspeil til rullering av arealdelen i kommuneplanen, til kommunedelplan for verdfulle kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap, samt til strategisk næringsplan.
- Planen må byggja på særlovene i landbruket med forskrifter i samsvar med overordna landbrukspolitiske mål og retningslinjer.
- Forvaltingsverktøy for forvaltinga i handsaming av enkeltsaker.

21.02.01 i sak PS 005/01 gjorde kommunestyret slikt vedtak:

"Austrheim kommunestyre vedtok å gjennomføre arbeidet med landbruksplan. Arbeidet skal gjennomføres i samsvar med vedlagte notat. Politisk ansvar ligg til nærings- og miljøkomiteen og det administrative ansvar er lagt til rådmannen.

Arbeidet vert utført av plan-, næring- og miljøkomiteen.

Austrheim kommune ynskjer å ta del i prosjektet "Differensiering av landbruksareala..."

Styringsgruppa for Landbruksplanen (Del I Differensiering av landbruksareala og del II Tiltaksdel) er slik samansett:

Solveig Hopen	Nærings- og miljøkomiteen	leiar
Representant frå Fylkesmannen		
Plan- og miljøkonsulent.		
Landbruks- og viltansvarleg		
Representant frå viltfagrådet (hjorteviltutvalet)		
" for bondelag/sauvealslag		
" for Nordhordland jakt- og fiskelag. (ålmenta).		

Til å utarbeide HANDLINGSPLAN under tiltaksdelen har styringsgruppa satt ned ei eiga arbeidsgruppe. Arbeidsgruppa har hatt representantar frå:

- Styringsgruppa
- Bondelaget
- Landbrukskvinnelaget
- Sauvealslaget
- Viltfagrådet

Handlingsplanen baserer seg i hovudsak på arbeidet som er gjort i arbeidsgruppa.

Del I Differensiering av landbruksarala vart handsama av kommunestyret 25.09.02, tilrådd av Fylkeslandbruksstyret 01.10.02 og godkjent av Landbruksdepartementet. Kommunen fekk etter dette som første kommune i landet fylgjande delegasjon:

"Austrheim kommune får fullmakt til å ta avgjerd i alle saker etter jordlova § 9 (omdisponering), jordlova § 12 (deling) og alle saker etter konsesjonslova av 31. mars 1974 nr. 19. Fullmakta tek til å gjelde 1. desember 2002 og gjeld fram til 1. januar 2004."

2.0 PLANGRUNNLAG:

Nasjonale landbrukspolitiske mål

- | | |
|----------------------------|--|
| St.meld.nr. 19 (1999-2000) | Om norsk landbruk og matproduksjon. |
| " 17 (1998-1999) | "Skogmeldinga" |
| " 27 (1996-1997) | Regional planlegging og arealpolitikk. |

Regionale mål

- Regionalt utviklingsprogram/Strategisk næringsplan for Hordaland
- Strategisk Landbruksplan for Hordaland 2001-2005
- Strategiplan for skogbruket i Hordaland 2001
- Levande bygger-Fylkeslandbruksstyret i Ho-strategi for forvalting av landbruksareala
- Strategisk næringsplan for Hordaland fylkeskommune.
- Strategisk næringsplan for Nordhordland

Kommunale mål

- Strategisk næringsplan for Austrheim
- Arealdelen i Kommuneplanen 2000-2012.
- Differensiering av landbruksareala i Austrheim.

Juridiske verkemidler:

- Jordlova med forskrifter
- Skogbrukslova med forskrifter
- Konsesjonslova med forskrifter
- Odelslova
- Plan- og bygningslova med forskrifter
- Viltlova med forskrifter
- Lov om laksefisk og innlandsfiske med forskrifter
- Naturvernlova

Økonomiske virkemidler:

- Kommunalt investeringstilskott til jordbruket
- Spesielle tiltak i landbruket sitt kulturlandskap
- Produksjonstilskott m.m
- Skogavgiftsordninga
- Bygdeutviklingsmidlar
- Viltfondet
- Tilskot til naturforvalning- og kulturminnetiltak.

3.0 SITUASJONEN OG UTVIKLINGA INNAN LANDBRUKET I AUSTRHEIM.

Jordbruket:

Arealgrunnlaget:

Utviklinga syner små endringar i jordbruksareal i drift sidan 1975.

Sjølv om totalt jordbruksareal er stabilt, syner utviklinga at færre driv sjølve og at fleire leigar bort jorda. I 1975 var 5% av jordbruksarealet på driftseiningane leigejord, og i 2000 45%.

Landbruksforvaltinga får imidlertid no signal om at det vert vanskelegare å få nokon til å hausta jordbruksareaala på bruk som går ut som sjølvstendig driftseiningar. Jordbruksareal i drift vil derfor på sikt gå ned.

Jordbruksdrifta:

Bruk med husdyr:

Anleggstarten på Mongstad førde til at 1/3 av bruken frå 1969 slutta med husdyr. Etter opptrappingsvedtaket for landbruket på 1970 talet, auka talet på bruk i drift (ca. 100) fram til ca. 1985. Inntektsutviklinga i næringa har imidlertid gjort at bruk med husdyr er halvert (no mellom 40 og 50 bruk) siste 18 åra både for bruk med mjølkekyr, storfe og sau. Denne utviklinga ser ut til å halda fram.

Husdyrtala:

Kutalet var frå 1975- 1995 ca. 200 mjølkekyr, men har sidan minka 25 % til ca. 150 kyr. Tal storfe ungdyr og sauetala viser mindre endringar.

Produksjonsmengde:

Kjøtproduksjonen stabil (ca. 80.000 kg) med mindre endringar frå år til år venteleg på grunn av avlingane.

Mjølkeproduksjonen var lenge stabil, men med markert fall sidan 1999 (No ca. 750.000 l) Enkelte mjølkprodusentar reknar det ikkje rekningssvarande å produsera kvotane fullt ut. 250.000 l eller 1/4 part av tilgjengeleg kvote vert ikkje produsert.

Skogbruket:

Arealgrunnlaget:

Austrheim kommune har godkjent skogreisingsplan frå 1967. Planen la opp til å planta 500 daa/år over 24 år med skogreist areal 12000 daa. I gjennomsnitt vart det planta 163 daa pr. år .

Føresetnadane for skogreising som f eks lovgrunnlag, lønsemnd i skogkultur og vegbygging, fleirbruksinteresser og trøng for sysselsetting har endra seg. Det vart derfor utarbeidd tiltaksplan for skogbruket i kommunen, handsama av kommunestyret 14.04.90 og av fylkesmannen i 1994.

Arealoversyn pr. 1989 (daa) etter Tiltaksplan for skogbruk i Austrheim kommune:

a)

Totalareal	Produktivt areal	Økonomisk drivverdig areal
55 900	21 100	7 600

b) Spesifisering av innhaldet i tabell a)

Skog	ØKD skog	Snaumark	ØKDsnaumar	Myr	ØKD myr
6 100	5 100	5 000	1 500	10 000	1 000

Etter tiltaksplanen er 1500 daa snaumark og 1000 daa myr, tilsaman 2500 daa eigna til skogreising.

Skogkultur:

Interessa for skogplanting var etter måten stor fram til midt på 1980 talet. Seinare har årleg planting svinga mellom 500 og 5000. I år 2002 vart det for første gong ikkje planta sidan skogreisinga tok til.

Avvirkning:

Det var i 1990 så småe kvanta i hogstklasse IV-V at det ikkje var føremålstenleg å berekna kubikkmasse ståande tømmer. Fram til år 2000 rekna ein med liten hogst. Likevel vart det mellom 1995-2001 levert gjennom skogearlaget 268 m³ til ein bruttoverdi på kr. 630.974.

Dersom tiltaksplanen vart gjennomført med eit tilpassa kultivert areal på 7600 da, rekna ein med eit framtidig balansekvantum på ca 4000 m3.

Skogeigarane får no tilbod om utarbeidning av skogbruksplan.

Utmarksnæring:

Vilt:

Hjortestamma har auka jamnt og trutt med særleg sterke auke på slutten av 1990 talet. I år a 2001 og 2002 vart det gjeve fellingsløyve for over 50 dyr. Fellingsprosenten var siste året 91 %.

I kommunen har ein 6 hjortevald med tilsaman ca. 30000 da teljande areal. Fosenøy Viltlag og Lindåsneset Viltlag disponerer ca. 24000 da. Desse to valda har godkjent driftsplan.

Fonnes jaktfelt har lagt til rette for småviltjakt. For å unngå for stort jaktpress, sel rettshavarane 8 årskort og nokre helgekort.

Innlandsfiske:

Fonnes- og Solendvassdraga er tilrettelagt for fritidsfiske. På Fonnes vart i 1999 soldt 30 fiskekort, i 2000 24, i 2001 32 og i 2002 48. Innsende fangstrapportar viser at det er fiska 27 kg, minste fisk 0,2 kg og største 0,5.

På Solend kan ein framleis fiska utan å kjøpa kort.

Det er ikkje utført prøvefiske med fleirviddemaskegarna.

Tilleggsnæringar:

Dei fleste brukarane har attåtinntekt i oljerelaterte verksemnder, bygg og anlegg, offentleg sektor, tenesteyting m.m.

Nokre hentar inntekt frå landbruksrelaterte verksemnder som juletre og pyntegrønt, grøn omsorg m.m.

Spesielle tiltak i landbruket sitt kulturlandskap med freda og verneverdige bygningar:

Tilgjenge: Turloyper Vardetangen, Sæteneset, Rebnor/Øksnes, Hoplandsvernanen

Bygningar: Naust/naustmiljø, nothus, sjøbuer m.m.

Kulturminne: Steinalderbuplassar

Biologisk mangfald:

Etter Stortingsmelding nr. 58 (1996-97) Miljøpolitikk for ei bærekraftig utvikling er det sett som mål at alle kommunar skal ha kartlagt biologisk mangfald innan utgangen av 2003.

Det er registrert- og kartfesta 47 naturtypelokalitetar. 4 av desse er svært viktige (Lyngoksen, Krossøy, Solendvatnet og Leirvågssanden), 14 viktige og 29 lokalt viktige.

Av 26 viltområde er 6 område (Mefjordbåen, Grunnosen, Purkebolvatnet, Leirvågsanden, Vaulen og Stridsholmen) svært viktige, og 20 viktige. Takrøyrrskogen i Purkebolsvatnet utgjer noregs aller største overnatningsplass for låvesvaler, og Leirvågssanden er Hordaland sitt største "marsk" område.

4.0 HANDLINGSPROGRAM

Hovedmålsetting

"Sikra grunnlaget for eit bærekraftig landbruk i kommunen."


Delmål

For å nå hovedmålet er det vektlagt å satse på følgjande delområder:

- Areal
- Kompetanse
- Nærings
- Trivsel

Dei enkelt satsingsområde er nedanfor kommentert med mål og satsingsområde/ tiltak.

I første omgang har gruppa vektlagt målformulering under dei enkelt områda. Satsingsområda/ tiltak er lista opp utan at ein har konkretisert korleis ein skal arbeida vidare med dei enkelte tiltaka. Konkretisering av tiltak er forutsatt gjort i styringsgruppa for landbruket (sjå punkt for gjennomføring).



Gode jordbruksareal på gnr. 149 Årås
med bustadfelt på småkupert, grunnlendt areal i bakkgrunnen

1 AREAL

1.1 DELMÅL– JORDVERN

Mål	Sørgja for at den produktive jorda vert verna og nytta mest mogeleg til jordbruk/matproduksjon. I tillegg skal: <ul style="list-style-type: none"> o Jakt og fiske – sikrast o Biologisk mangfold sikrast o Trekkuter for vilt sikrast o Unngå konflikt vilt – turgåarar o Rekreasjon sikrast.
Satsingsområder / tiltak	<ul style="list-style-type: none"> • Plassering av mindre byggefelt der ein både sikrar produktiv jord og tilrettelegg for attraktive tomtar. • Gjerdeplikt skal handhevast. • Kartlegge viltruter/viltbiotoper
Ansvar	Austrheim kommune i samarbeid med landbruksfagrådet
Framdrift	
Kostnader	

1.2 DELMÅL - UTMARK

Mål	Få deler av utmarka/ landskapet tilbake til ope landskap. Sikra at utmarka kan utnyttast av : <ul style="list-style-type: none"> • eigarar til næringsformål (beite, skogbruk, jakt og fiske) • turgåarar • turisme (utmarksturar)
Satsingsområder / tiltak	<p>Det er viktig at Austrheim kommune snarast vedtek at det skal utarbeidast Beiteplan i kommunen. Beiteplanen er eit viktig reiskap/ middel til å sikra at målet vert nådd.</p> <p>Det må arbeidast for å få bygd fellesvegar/ jordbruksvegar slik at ein betre kan få utnytta utmarka (hogging av skog, beiting og liknande). Vegane skal byggast slik at dei tar omsyn til terrenget. I tillegg skal dei så langt mogeleg verta tilrettelagt for turgåarar.</p> <p>Merking, rydding og vedlikehald av ferdsselsårer.</p>
Ansvar	Austrheim kommune i samarbeid med landbruksfagrådet
Framdrift	
Kostnader	

1.3 DELMÅL – BUSETNAD

Mål	Sørge for at det bur folk i husa på gardane. Nybygging utanfor byggjefelt av andre en dei som driv jordbruk må verta gjennomført mest mogeleg i klyngetun eller liknande.
Satsingsområder / tiltak	Iverksette tiltak slik at ein får ungdommen til å verta buande/ kome tilbake til bygda/ Austrheim. Etablera gode styringsredskap ved sal av eigedommar (særleg små landbrukselgdommar) som sikrar at folk som ynskjer å busette seg i kommunen får prioritet framfor dei som skal nytte eigedommen til fritidsbustad. Dersom naudsynt bør ein innføra 0-konsesjonsgrense ved kjøp av eigedom.
Ansvar	Austrheim kommune i samarbeid med landbruksfagrådet
Framdrift	
Kostnader	

Jordvern.

Ta vare på dei gode jord- og skogbruksareala.

Gnr. 156 Austrheim bnr. 9.

**Utmark**

Sikre at utmarka kan utnyttast av eigarane til næringsføremål for eksempel jakt og fiske.

Solendvatnet.


Busetnad.

Plassering av mindre byggefelt slik at ein sikrar produktiv jord og tilrettelegg Attraktive tomtar.

Gnr. 147 Toftegård.

2 KOMPETANSE

Mål	<ul style="list-style-type: none"> • Sikre at landbrukskompetansen vert verande i kommuneadministrasjonen • Aktiv kompetanseheving • Oppretthalde ordninga med eigen landbruksvikar i kommunen.
Satsingsområder / tiltak	Informasjon om landbruket må ut til dei som bur i kommunen.
Ansvar	Austrheim kommune i samarbeid med landbruksfagrådet
Framdrift	
Kostnader	



Det er eit mål at ein kan oppretthalde ordninga med eigen landbruksvikar i kommunen

3 NÆRING

3.1 DELMÅL NÆRING

Mål	Landbruksnæringa skal være sidestilt med anna næringsliv i kommunen
Satsingsområder / tiltak	Landbruksnæringa skal inngå i nye strategisk næringsplan i kommunen.
Ansvar	Austrheim kommune i samarbeid med landbruksfagrådet
Framdrift	
Kostnader	

3.2 DELMÅL – NYE LANDBRUKSBASERTE NÆRINGAR

Mål	Stimulera til nisjeproduksjonar og tilleggsnæringer i samband med landbruksdrift for å skapa arbeidsplassar og betre inntening og trivsel i næringa.
Satsingsområder / tiltak	<p>Det er viktig at næringa er positiv og kreativ til å tenkja nytt for å auka/betra innteninga på landbruksdrifta.</p> <p>Døme på nye nisjer:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Produksjon av gardsmat • Produksjon av sjømat • Kombinasjon sjø - landbruk • Gardsturisme • Arrangere open dag m.v. • Grønt samarbeid • Opne for sal av jakt- og fiskekort. <p>Næringa må arbeide for å få eit ”Miljøhus” der ein kan samla alle ulike produksjonar” for eventuelt sal.</p>
Ansvar	Austrheim kommune i samarbeid med landbruksfagrådet
Framdrift	
Kostnader	

3.3 DELMÅL - PRODUSENTMILJØ

Mål	<ul style="list-style-type: none"> • Ivareta og betra tilhøva for produsentar. • Sikra at landbrukskompetansen vert verande i kommuneadministrasjonen. • Oppretthalde ordninga med eigen landbruksvikar i kommunen.
Satsingsområder / tiltak	Sikra at produsentar får informasjon og rettleiing frå fagmiljø (tilskudd, fagleg råd og liknande)
Ansvar	Austrheim kommune i samarbeid med landbruksfagrådet
Framdrift	
Kostnader	

3.4 DELMÅL - STRATEGI ØKONOMISKE VIRKEMIDDEL LANDBRUK/BYGDEUTVIKLING

Mål	Auka verdiskaping innanfor landbruk og landbruksrelaterte næringer
Satsingsområder/ tiltak	Korte tiltaksretta planar for bruk av ulike økonomiske virkemidlar.
Ansvar	Kommunen i samarbeid med landbruksfagrådet
Framdrift	Frist 31.12.03
Kostnad	

Kjøt- og ullproduksjon på sau
Gnr. 156 Austrheim bnr. 47.



Ammekyr og ungdyr på
gnr. 156 Austsrheim bnr. 13.

Mjølk- og kjøtproduksjon storfe
på gnr. 139 Solend bnr. 2.



4 TRIVSEL

Mål	Arbeide med tiltak/aktivitetar som skaper trivsel i næringa og trivsel saman med sambygdingar
Satsingsområder / tiltak	Døme på tiltak som kan betre trivsel blant produsentar og med sambygdingar: <ul style="list-style-type: none"> • Jobbe i lag • Julebord for landbruket • Festeloge lag – saman med innbyggjarar (grilling mv) • Open gard • Etablera ”friområde” for hund. Inngjera område der ein kan sleppa hundar fri.
Ansvar	Austrheim kommune i samarbeid med landbruksfagrådet
Framdrift	
Kostnader	



Trivsel i landbruket er viktig.
Mjølk- og kjøtproduksjon storfe,
kjøt- og ullproduksjon sau
på gnr. 128 Lervåg bnr. 2.

5.0 ØKONOMI.

Landbruksfagrådet i samarbeid med kommunen/landbruksforvaltinga avklarar korleis ein skaffar midlar til tiltak.

Landbruksfagrådet vert lønna på lik linje med andre nemnder i kommunen.

6.0 GJENNOMFØRING

For å gjennomføra handlingsplanen skal det etablerast eit eige landbruksfagråd i kommunen.

Landbruksfagrådet skal bestå av 1 representant frå:

- Suaealslaget
- Landbrukskvinnelaget
- Bondelaget
- Viltfagrådet
- Medlem av Nærings- og Miljøkomiteen

Det skal utarbeidast vedtekter/retningsliner for rådet.

Faglaga har ansvar for å velja medlemer til landbruksfagrådet.

Styringsgruppa skal vera høringsinstans for saker som vert handsama i Nærings- og Miljøkomiteen (reguleringsplaner, byggjesaker, sal av landbrukseigedomar , søknad om bruksendringar og lignende (tilsvarande som landbrukskontoret i dag)).

Landbruksfagrådet skal handsama satsingsområder/tiltakplanar i handlingsplanen minimum ein gong kvart år.

All informasjon om støtteordningar, endringar innan landbruket mv skal sendast til landbruksfagrådet.

7.0 TILRÅDING.

Austrheim kommune bør vedta planen slik denne ligg føre, og nytta den som styringsredskap i praktisk saksarbeid i kommunen.

8.0 VEDLEGG:


STATISTIKK SOM VISER SITUASJONEN OG UTVIKLINGA INNANFOR LANDBRUKET I AUSTRHEIM.

Jordbruket:

Jordbruksarealet i drift:

	1969	1975	1979	1985	1989	1995	2002
Fulldyrka	4889	3396	3806	3170	3728	3105	2897
Overflated	1586	1190	1286	896	1067	896	949
Gjødsla beite	1457	463	1040	975	543	975	1150
Tilsaman	7932	5049	6132	4976	5338	4976	4996

Tala frå 1969, 1979, 1989 og 1989 er henta frå landbrukstellingane (skjønsmessig vurdering frå eigarane), medan dei andre tala er henta frå søknadar om produksjonstillegg.




Jordbruksareal i drift, eige og leigd areal:

Jordbruksareal i drift:

	1975	1985	1995	2000
Tilsaman	5049	5064	4976	5070
Eige areal	4805	4131	2835	2751
Leigd areal	244	933	2141	2319


Bruk med husdyr/søknadar om produksjonstillegg:

	1969	1975	1980	1985	1990	1995	2003
Bruk mhusd	130	84	96	98	66	58	49
Bruk m sau	130	54	59	64	47	35	29
Bruk m ku	100	35	19	18	14	13	9
Bruk m storfe		67	47	37	22	22	18




Husdyrtala:

	1969	1975	1980	1985	1990	1995	2003
Vf sau	1182	578	1062	1711	1591	1373	1397
Andre storfe	450	318	411	467	376	399	442
Mjølkekryr	404	205	187	225	198	187	152



Produksjonsmengde (1000/kg).

	Husdyrproduksjon:									
	1992	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001
Mjølkekvote	1048	1115	1120	1119	1129	1126	1123	1074	1021	
Levert mjølk	962	947	956	928	901	857	921	858	833	752
" kjøt	75	79	77	90	92	78	76	84	80	




Skogbruket:

Skogkultur:


	1981	1982	1983	1984	1985	1986	1987	1988	1989	1990	1991	1992	1993	1994
Planting	62000	14200	14700	25700	25200	10600	4300	2200	1500	1500	500	2500	1000	1000

	1995	1996	1997	1998	1999	2000	2001
	1300	3700	4000	4000	5225	3000	1500

Avvirkning:**Austrheim kommune 1991-2001**

År	Brutto	Skogavgift	Kbm	Sortiment
1995	107448	8888	407	Gran, industrivirke
1997	175543	15404	733	Gran, industrivirke
1997	17576	1758	88	Furu, industrivirke
1998	86688	7165	358	Gran, industrivirke
1999	129304	11406	539	Gran, industrivirke
1999	1500	150	10	Ved til brensel
2000	67828	5428	292	Gran, industrivirke
2001	45086	3605	231	Gran, industrivirke
	630973	53804	2658	

Ingen registreringer i 1994,93,92,91



Utmarksnærинг:Hjortejakta:

	1982	1983	1984	1985	1986	1987	1988	1989	1990	1991	1992	1993	1994	1995
Tildelte løyve	4	1	4	9	8	6	10	11	9	10	11	11	13	15
Felte dyr	3	1	3	7	7	6	8	7	5	7	6	9	9	13
	1996	1997	1998	1999	2000	2001	2002							
15	22	33	39	42	51	53								
13	17	30	30	40	43	48								

